

07.10.12 og 14.11.12 Linda Wilhelmsen vedr. eigedom 23/72 ved Sørhelljednet

Ønskjer at eigedom 23/72 vert vist som byggeområde for fritidsbustad i arealdelen til kommuneplanen. Det er ikkje veg til området. Utifrå skulldelingsforretninga ser det ut som at tomtegrensa går ca. 25 meter frå vatnet. Ev. ubygging på eigedomen vil derfor ikkje hindra fri ferdsel langs vatnet.



Administrasjonen

Eigedomen er på 1.5 daa og ligg 25 meter frå vatnet. Eigedomen er tilleggsareal til eigedom 23/60 som er 2.35 daa. Eigedomen ligg ikkje i eit satsingsområde, og innspelet blir vurdert til ikkje å vera i samsvar med retningslinene for revisjonen av arealdelen om fortetting eller minimal utviding av eit eksisterande hyttefelt. I tillegg er innspelet i strid med retningsline 2 i forslaget til kommuneplan. Ifølgje retningsline 2 i forslag til kommuneplan så vil dispensasjon for bygging på ubygde hyttetomter i byggeforbudsbeltet langs vassdrag normalt ikkje bli gitt. Det går fram at dispensasjon kan vurderast dersom det 1. er mulegheit for tilkopling til offentleg godkjent vatn- og avløpsløyving, 2. tomta terrengmessig ligg slik til at dispensasjon ikkje verkar hemmande på fri ferdsel ved at det t.d. ligg ein bergskrent mellom tomta og vassdraget eller at ein køyreveg for bil skil tomta og vassdraget. Ein kan ikkje sjå at søknaden er i tråd med dei føreslåtte retningslinene, og tilrår at han blir avvist.